



**Pleie og omsorg disponerar tre rehabiliteringsplassar:**

***Rehabilitering i institusjon***

Sjukeheimen har to rom merka rehabilitering/ korttidsopphald.

***Rom for lindring***

I tillegg er der ei leilegheit lokalisert i underetasjen ved sjukeheimen.


Den inneheld pasientrom, kombinert stove for pårørande med høve for overnatting og kjøkken, samt romsleg bad- og eigen utgang til hage. Privatliv til den enkelte er vektlagt.

Leilegheita er innreia slik at ein kan vera sjølvhjelpen, men og tilrettelagt med alarmanlegg og lett tilgjenge til kvalifisert personale frå sjukeheimen.

**Søknad** om rehabiliteringsopphald på eige søknadsskjema til:  
Pleie og omsorg Granvin Herad.

**Før meir informasjon:**

Ring Granvin sjukeheim på tlf. 56 52 41 40.  
Kontaktpersonar: Ergoterapeut/rehab.koordinator eller avdelingssjukepleiar.



**Granvin Herad  
Pleie- og omsorg**

**Rehabilitering i eigen kommune.**





*Rehabilitering i eigen kommune er i samsvar med nytt lovverk som seier at kommunen skal syte for at alle som oppheld seg i kommunen får tilbod om nødvendig helsehjelp mellom anna til medisinsk habilitering og rehabilitering (Helse- og omsorgstenestelova § 3-2.p.5).*

Når ein ikkje kan motta nødvendig helsehjelp til rehabilitering i eigen heim, kan ein søkje om rehabiliteringsopphald i pleie og omsorg.

#### **Rehabiliteringsopphald kan ein søkje:**

- når ein av medisinske årsaker ikkje kan være heime.
- i påvente av tilbod i spesialisthelsetenesta.
- når ein ventar på tilrettelegging av eige husvære.
- når ein treng helsetenester frå fleire og tenestene ikkje kan gjevast i eigen heim.



#### **Rehabiliteringspasienten er :**

- ferdigbehandla i sjukehus, men kan oppnå eit høgare funksjonsnivå med bistand og støtte frå helstenesta i kommunen.
- har kronisk sjukdom eller skade og treng bistand for å betre eller vedlikehalde funksjonsnivå

#### **Tilgjengelege helsetenester i kommunen:**

Lækjar  
Sjukepleiar  
Ergoterapeut  
Sosionom  
Fysioterapeut